

## Referat frå digital generalforsamling i Norsk Bane AS, 15.06.22, kl. 10:00 – 12:50

*Til stades:* Anne Tone Salte Andersen, Bjørn Nordskog (Kviteseid kommune), Einar Velde (Per Velde AS), Grete Solheim (Kvinnherad kommune), Harald Halvorsen Løland (for Sauda kommune og personleg aksjonær), Jon Rikard Kleven (Vinje kommune), Siri Blichfeldt Dyrland (Midt-Telemark kommune), Sten Risvoll, Wenche Myrland (Rogaland fylkeskommune), Mette Heidi Ekrheim (Etne kommune, til sak 10), Jarand Felland (Tokke kommune), Knut Kristoffer Olsen, Ole Johan Vierdal (Vindafjord kommune, frå sak 5), Gunhild Moe (styremedlem og for Suldal kommune), Kjell Stundal (styreleiar og aksjonær), Jan Ludvig Andreassen (nestleiar i styret), Tove Mette Bjørkmo (styremedlem), Renate Nedregård (styremedlem, frå sak 5 til og med sak 8), Jørg Westermann (dagleg leiar) og Thor Bjørlo (kommunikasjonssjef og aksjonær).

Leiar av valkomiteen, Siri Klokkestuen, kopla seg på kl. 10:45 for å presentere valkomiteen si innstilling og svare på spørsmål. Ho gjekk ut av møtet etterpå.

Styreleiar Kjell Stundal opna generalforsamlinga kl. 10 med ei kort innleiing. Han peika på at 2021 var eit aktivt år med mellom anna mange gode innlegg i media. Arbeidet i Lyntogforum er viktig, med deltaking av mange sentrale politikarar lokalt/regionalt i dei ulike partia. Mange parti har fått lyntog inn i sine partiprogram. Den parlamentariske situasjonen på Stortinget kan gi opningar for positive vedtak om høg-fartsbaner. Det er på langdistanse dei store klimaeffekten og den beste økonomien for jernbanedrifta ligg. EU og IEA vil tredoble høg-fartsbaner innan 2050, men Noreg manglar ein nasjonal plan for jernbane. Norsk Bane og lyntogfora gjer ein viktig jobb med å holde saka varm til saka er endå meir mogen og kan få sitt gjennomslag.

### **1. Godkjenning av fullmakter**

Generalforsamlinga godkjende samrøystes:

Grete Solheim si fullmakt frå Kvinnherad kommune, Harald H. Løland si fullmakt frå Sauda kommune, Wenche Myrland si fullmakt frå Rogaland fylkeskommune, Gunhild Moe si fullmakt frå Suldal kommune, Kjell Stundal si fullmakt frå Dag Johan Eiane og Jørg Westermann sine fullmakter frå Vigdis Helland, Thorbjørn Thiem, Byen AS, Arne Gjerde og Urban Rabbe Arkitekter.

Med dette var 5977 aksjar, eller 58,8 % av dei i alt 10 159 aksjane til Norsk Bane AS representerte på generalforsamlinga.

### **2. Val av møteleiar, referent og den/dei som skal underteikne protokollen**

Kjell Stundal blei vald til møteleiar, Thor Bjørlo til referent og til å underteikne protokollen Grete Solheim og Jarand Felland. Vala var samrøystes.

### **3. Godkjenning av innkallinga og dagsordenen**

Innkallinga og dagsordenen ble samrøystes godkjende.

### **4. Referatet frå generalforsamlinga 07.06.2021**

Samrøystes vedtak:

"Referatet frå generalforsamlinga 07.06.2021 vert godkjent."

### **5. Årsmeldinga 2021 – gjennomgang og godkjenning**

Årsmeldinga blei gjennomgått punktvis og det ble svart på spørsmål. Anne Tone Salte Andersen kommenterte arbeidsbelastninga til dei tilsette har vært høg over lang tid.

*Samrøystes vedtak:*

"Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vedtek styret sitt framlegg til årsmeldinga for 2021."

## **6. Årsrekneskapen 2021 – gjennomgang av rekneskap og revisjonsmelding, fastsetjing av resultat rekneskap og balanse, utdeling av ev. utbytte, godkjenning av revisjonshonorar**

*Samrøystes vedtak:*

"Generalforsamlinga i Norsk Bane AS vedtek styret sitt framlegg til rekneskapen for 2021.

- a) Norsk Bane AS deler ikkje ut utbytte til aksjonærane for rekneskapsåret 2021.
- b) Godtgjersla til styremedlemene vert utbetalt med kr 30.000 til styreleiar, kr 15.000 til nestleiar og kr 10.000 til dei andre styremedlemene."
- c) Generalforsamlinga godkjenner eit honorar for revisjonen av rekneskapen 2021 på kr 12 500 eks. mva.

## **7. Eigenkapitalen til Norsk Bane AS. Vidare driftsgrunnlag etter generalforsamlinga.**

Anne Tone Salte Andersen oppmoda styret til å vurdere å auke løna til dei tilsette. Jan Ludvig Andreassen kommenterte at styret set stor pris det gode engasjementet frå dei tilsette, men styret må først jobbe for auka inntekter og eigenkapital. Renate Nedregård peika på at det var ein utruleg stor innsats som blir lagt ned av hardtarbeidande nøkkelpersonar i selskapet. Generalforsamlinga drøfta situasjonen rundt økonomien. Det blei uttrykt stor støtte til arbeidet som vert gjort og positiv interesse frå fleire for å delta i finansiering av ei oppdatering av utgreiingane som ble gjort med Deutsche Bahn International for 10 – 15 år sidan.

*Samrøystes vedtak:*

Generalforsamlinga i Norsk Bane AS tek orienteringa om eigenkapitalsituasjonen og den aktuelle økonomiske situasjonen i selskapet til etterretning. Generalforsamlinga er kjend med at Norsk Bane AS sin eigenkapital for tida utgjer mindre enn 50 % av aksjekapitalen, men sluttar seg til styret sitt framlegg om at driftssituasjonen elles gjev grunnlag for å halde fram drifta på minst same nivå som tidlegare.

(Mellom handsaminga av sak 7 og 8, slapp leiar av valkomiteen, Siri Klokkestuen, til for å orientere om innstillinga og svare på spørsmål. Sjølv vala ble tatt til slutt, slik dagsordenen var sett opp.)

## **8. Utviklinga i 2022**

Thor Bjørlo og Jørg Westermann innleidde og utdjupa munnleg litt meir kring den skriftlege framstillinga i sakspapira. Det er særønskjeleg å kome i gang med ei oppdatering av utgreiinga som vart gjort med Deutsche Bahn International. Det kan samstundes gje høve til ein overlappingsperiode der Jørg blir med utover pensjonsalderen for overføring av kompetanse. I første omgang har ein arbeidd for å finansiere ei oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen, men også Dovresambandet, ein moderne Nord-Norgebane og samband mot Stockholm og Göteborg/København er aktuelle utgreiingsoppgåver om ei finansiering gjer det mogleg.

Jarand Felland peika på at økonomi har vore eit tilbakevendande problem, men trudde det kan vere vilje i mange kommunar til å bidra til dette no.

Harald Halvorsen Løland såg det som viktig at vi fornyar oss, i høve til rapporten frå 2009 og elles. Resultata vil neppe bli så veldig annleis, men det er viktig å få ein oppdatert rapport. Vi må prøve å engasjere ungdommen, mellom anna når det gjeld klimaperspektivet. Men perspektivet om å bygge landet er òg viktig. Vi må prøve å få inn slike «nye» tankar inn i dei styrande partia. Thor Bjørlo støtta dette og informerte om kva selskapet og lyntogfora har gjort kring desse spørsmål i 2021 og så langt i 2022.

Anne Tone Salte Andersen støtta kraftig opp om desse perspektiva. Det er viktig også å få det inn i fylkespolitikken og kommuneplanar for å unngå at andre store prosjekt kan kome i traseen og øydelegge.

Jan Ludvig Andreassen kommenterte at ein aller helst skulle hatt en nasjonal jernbaneplan, og vi må jobbe for det. Men inntil det ligg føre, må ein samstundes ha fokus på ting som er inntektsbringande. Vestlandsbanen over Haukeli har et slikt potensial, både som heilskap og med tanke på einskildstrekningar. Best økonomi ligg det i å kunne drifte bana som heilskap, med den overførde fly- og trailertrafikken det kan gi. Men politisk og samfunnsmessig er det også mye fornuft i å starte med gode einskildstrekningar som Stavanger – Bergen. Det er ønskeleg med ein politikar som er litt profilert og som har høgfartsbane som si fanesak.

Sten Risvoll uttrykte skuffelse over at ein del lokalpolitikarar som har engasjert seg i saka tidlegare, ikkje har følgt opp når ei har komen på Stortinget. Når det gjeld samferdsle, har då ofte fly og veg høgare prioritet for dei.

Tove Mette Bjørkmo kommenterte at det er komplisert å nå inn til dei inste korridorane i regjeringa. Vi jobbar mykje, men kan ta workshop i styret på strategi vidare, eventuelt bruke pengar på ein strategiplan, steg for steg. For møte inn mot regjeringa må ein ikkje nødvendigvis tenke statsråd, men også statssekretær.

Generalforsamling tok informasjonen, med dei kommentarane som kom fram i møtet, til orientering. Administrasjonen og styret følger opp vidare.

## **9. Styrefullmakt til utviding av aksjekapitalen**

*Samrøystes vedtak:*

"Generalforsamlinga i Norsk Bane AS gjev styret fullmakt til ein emisjon på maksimalt 5.079 aksjar med pålydande kr 1 000. Styret får fullmakt til å fastsetje overkurs for nye og eksisterande aksjonærar.

- a) Fullmakta gjeld til 1.7.2023.
- b) Det er ikkje høve til å teikne færre enn 3 aksjar.
- c) Styret har ikkje fullmakt til å fråvike aksjeeigarane sin fortrinnsrett.
- d) Styret har ikkje fullmakt til å auke aksjekapitalen mot andre innskot enn pengar.
- e) Styret har ikkje fullmakt til å gjere vedtak om fusjon."

## **10. Framlegg til vedtektsendringar**

Midt-Telemark kommune har sendt inn to framlegg til vedtektsendringar for Norsk Bane AS.

Framlegg A: «Innkalling til generalforsamlinga med saksdokumenter skal være sendt senest 6 uker før møtet skal holdes.»

*Samrøystes vedtak:*

Generalforsamlinga avviser framlegget til ny vedtekt om ««Innkalling til generalforsamlinga med saksdokumenter skal være sendt senest 6 uker før møtet skal holdes.»

Framlegg B: «Styremedlemmer må møte minst 70 % av tida som er satt av til styremøter og fastsatte aktiviteter for å motta styrehonorar. Dersom styremedlemmer ikkje møter på 70 % av tida, bør det føre til en avkorting i styrehonoraret tilsvarende den prosenten fraværet utgjør. Sykdom bør ikkje føre til avkorting.»

*Samrøystes vedtak:*

Generalforsamlinga avviser framlegget til ny vedtekt om at «Styremedlemmer må møte minst 70 % av tida som er satt av til styremøter og fastsatte aktiviteter for å motta styrehonorar. Dersom styremedlemmer ikkje møter på 70 % av tida, bør det føre til en avkorting i styrehonoraret tilsvarende den prosenten fraværet utgjør. Sykdom bør ikkje føre til avkorting.»

## **10. Arbeidsplan og budsjett for 2022**

Framlegget til arbeidsplan blei gjennomgått og kommentert.

Tove Mette Bjørkmo minte om at vi har ei stor og tung sak å løfte. Tenke strategi og kven som skal gjere kva. Vi rekk ikkje over alt. Mange som er positive til tiltak som har med klima og miljø å gjere og at fleire og fleire får auga opp for kor viktig det er. Her er det også mogleg å få pengar til aktuelle prosjekt. Lofoten har til dømes eit konsept som heiter «De grønne øynene». Innanfor EU-systemet er det også moglegheiter. Og banker etc.

Thor Bjørlo tok opp at ulike organisasjonar og bedrifter kan være aktuelle til både finansiering og samarbeid. Til dømes Haugaland vekst, næringsforeiningar, Vest-Telemark næringsråd, banker etc. Slik kan ein også kanskje få utvide laget, få fleire å spele saman.

Jan Ludvig Andreassen peika på grunneigarar og ein del bedrifter kan tene enormt på ein slik bane, og at det slik burde vere interessant for næringslivet å bidra meir aktivt.

Thor Bjørlo peika på at arbeidet for oppdatering av utgreiinga med Deutsche Bahn International bør inn i arbeidsplanen under punktet «Utgreiingar», noko generalforsamlinga slutta seg til.

### **Samrøystes vedtak:**

Framlegget til arbeidsplan og budsjett ble samrøystes vedtatt som retningsgjevande for styret for arbeidet i 2022.

### **11. Val av styre, revisor og ev. valnemnd**

Styremedlemene blir valde for to år om gangen, og dei som blei valde i fjor var ikkje på val no. Av dei som var på val, hadde Sigbjørn Molvik takka nei til attval. Valkomiteen sitt forslag til styre, styreleiar, nestleiar og valnemnd var utsendt til deltakarane før generalforsamlinga. Forslaget fekk tilslutning. Det gjorde også forslaget om attval av revisor.

#### *Samrøystes vedtak:*

*Styre:* Kjell Stundal, Bø i Telemark (ikkje på val), May Britt Tabak, Bergen (ikkje på val), Jan Ludvig Andreassen, Oslo (ikkje på val), Gunhild Moe, Suldal (ikkje på val), Heidi Bjerga, Sandnes (attval), Renate Nedregård, Bergen (attval), Tove Mette Bjørkmo, Sortland (attval), Stian Hauge, Kviteseid (ny).

*Leiar:* Kjell Stundal (1 år).

*Nestleiar:* Jan Ludvig Andreassen (1 år)

*Valkomite 2023:* Torgeir Fossli, Asbjørn Birkeland, Beate Marie Dahl Eide. *Leiar:* Torgeir Fossli

*Revisor:* Deloitte Haugesund

Ålesund, 05.10.2022

Grete Solheim

Jarand Felland